

Foreldreinfo august 2026

FAU/SU

Første møte i FAU blir 31.august. Kven som er representant for dei ulike klassane finn du på heimesida til skulen



Bjerkreim skule

SAMAN FOR MEISTRING

trygg · aktiv · læring

Hovudluskampanje

Den nasjonale hovudluskampanjen arrangerast to gonger i året, helga i **veke 10** og **veke 35**.

Målet er at alle skular, barnehagar og barnefamiliar sjekkar seg samtidig for å hindre spreiding. Du finn råd om sjekk og behandling på helsenorge.no



Trygg trafikk

Me ser at mange av elevane våre går, sykklar og sparkar til skulen. Minn elevane på å festa hjelmen skikkeleg og ferdast trygt i trafikken. Me snakkar også om dette på skulen, men godt for elevane og høyra det begge plassar. Saman får me trygge trafikantar.

Hei!

Godt å vera i gang og treffa alle dei blide og kjekke elevane våre. Me har utnytta finvêret til det fulle og vore på mange fine turar i august.

I løpet av hausten skal me gjennomføra nasjonale prøvar på 5.trinn, 1.-3.trinn skal delta på kast ballen og Den kulturelle skulesekken startar opp med første førestilling for heile skulen i september. Nytt av året er at me har begynt med grautservering på fredagar.

Me ønsker alle eit godt skuleår, og ber dykk ta kontakt om de har spørsmål eller tilbakemeldingar.

Kjekt å vera tilbake i rektorstolen.

Mvh

Karen Monge Ollestad
rektor



Berse